



# Y's Men International, Region Norge

## Regionsbulletin nr 2, 2009-2010

### Kjære venner og medarbeidarar i Y's Men.

Det er gildt å få tilsendt program for hausten og for arrangement i klubbane. Det gir inspirasjon og glede, og det viser at mange av dykk har eit rikt og godt fellesskap i klubbar og distrikt. Vandre vidare i Hans lys! Ei spesiell takk til Oslo Y's Mens Club for flott jubileumsskrift!

### Referat frå Regionskonferansen.

Diverre har dette ikkje vorte gjort ferdig og godkjent av den valde kontrollkomiteen enno. Ventar at de får dette ein av dei aller første dagane. Styret skal drøfte korleis slik lang og lite akseptabel utsetjing kan verte unngått i framtida.

### Jubileum

Vi gartulerer :

**Hundvåg Y's Men's Club** som runda første 5 åra som YMC 30.08,

**Sunde Y's Men's Club** som runda 10 år 6. oktober,

**Vestre Toten Y's Men's Club** som feire heile 25 år 13. oktober,

**Horten og Borre Y's Men's Club som hadde 30. års jubileum 26.10 (feira 2.11?).**

Før neste Regionsbulletin 1.03.2010 kan vi gratulere:

**Haugesund Y's Mens Club med 40 års jubileum 28. februar 2010!**

### Y's Magasinet

Du har venteleg nettopp fått Y's Magasin nr. 4 -2009 i postkassa. Vi er stolte av også dette nr. Bruk det til å la oss andre få del i noko frå ditt distrikt eller frå din klubb! Eit budsjettmessig overskot frå Regionskonferansen gjer det mogleg å halde fram med trykking også i 2010. Det vert sett på om det er mulig å samarbeide med utgivinga av KFUK-KFUM magasinet. Økonomien er så stram i KFUK/M at det er forslag om å gi ut berre eitt nr av KFUK-KFUM magasinet i 2010

### Val av IP ( International President) og medlemmer i IC.

Valmateriellet kom pr post sist fredag, og blir vidaresendt pr post.

## Heimesida vår

[www.ysmen.net](http://www.ysmen.net) har mykje stoff, særleg på medlemssidene. Regionsstyret skal på styremøte 6. desember vurdere om det meste av dette stoffet skal vere opne utan kode. Medlemssidene har svært mykje stoff. Det må du ha brukarnamn og passord. **Brukernavn** er oftast første ordet i klubbnamnet. **Passord** er charterdato utan punktum. Har du problem, så kontakt RSD/WEB Jan Erik Berg, [rsd\\_web@yahoo.no](mailto:rsd_web@yahoo.no).

## Regionsstyret.

Den 2. november hadde vi styremøte i lokala til KFUK/M i St. Olavsgt. 25 Oslo. På saklista stod møte med leiinga både i Global og KFUK/KFUM. Vi hadde ein svært god dialog der både vi og dei fekk godt innsyn i kva utfordringar og muligheiter vi har saman. Hovudorganisasjonen slit med økonomien, men medlemstalet har auka. Det blir arbeidd vidare saman med sentralleiinga i KFUK/M med kvar Y's Men best kan støtte arbeidet, i tråd med vedtaket på Regionskonferansen. Det er eit sterkt engasjement hos generalsekretær Adelheid Firing Hvambdal og hennar næraste stab for å nå ut med den kristen budskapet særleg til barn og unge.

Leiinga i Global har fleire gode prosjekt. Vi støtta eit helseprosjekt i Yambio i Sør-Sudan sist år. Det er sterkt ønske at vi skal halde fram med det. Innstillinga i saka til regionsstyret 6 desember er at vi held fram med å støtte dette prosjektet som eit regionsprosjekt i tillegg til Trauma Care prosjektet.

Referat frå styremøta finn du på [www.ysmen.net](http://www.ysmen.net) medlemssider. (klikk på rektangel med blå skrift oppe på startside)

*NB! Skal prosjekta få midlar, er det avhengig av at medlemmer og klubbar betaler inn! NB*

## Økonomi.

Dei fleste av medlemsklubbane har no betalt inn kontingent og tilskot til fells prosjekt. Vi ønskjer at alle klubbar er med og bidrar til dei prosjekta som er framlagde på Regionskonferansen, og gjennom Y's Magasinet. Etterføljarar får nok påminning frå regionskasseraren (RDS/T).

## Midtvintermøtet og DGE-trening.

Som tidlegare meldt blir Midtvintermøtet i Trondheim 12. til 14. februar 2010. **NB! DGE treninga blir på same tid.**

**Gåver med skattefrådrag:** sjå Tiltaksplanen i Medlemshåndboka (MHB) s 16, nr 7

På denne måten kan du tilføre prosjekta meir midlar for same netto utlegg. Skattefrådraget er 28%. (Eksempel: gir du 1000 kr, er nettoutlegget ditt 720 kr-, "Staten" betalar kr 280,-)

- Y's Men Region Norge fyller krava til å motta gåver som gir skattefrådrag. Regionskasserar vil rapportere inn til likningsmyndigheitene.

- Gåvene må kome frå enkeltpersonar. **NB!! FULLT PERSONNR (11 siffer) MÅ STÅ PÅ BETALINGA!**
- Kvar innbetaling må vere på minst kr 500,-
- Innbetalinga må vere registrert før 31. desember 2010 ( betal seinast 28.12!)
- **Konto nr. 3411.24.55991** (Y's Men Region Norge v/Asbjørn Haukedalen, Ridder Flemmingsv.21 1397 Nesøya.)
- Totalt kan kvar skattebetalar betale inntil kr 12.000,- pr år til Y's Men Region Norge eller andre liknande organisasjonar og forskingsinstitusjonar.

**Nye datoar for rapportering og kontingentbetaling.** (sjå vedlegg New Fiscal year details og New Fiscal Year Terms )

Frå hovudkontoret i Geneva (IHQ) har vi fått beskjed om at International Council ( IC) har vedteke at det skal vere to semester i Fiscal (Financial) rapporteringsår for *regionane* slik som sett opp under:

**1. semester** varer 01.04 til 30.09 . Oppteljing av medlemmer pr 31.07. Rapporteringsfrist 10.08. og betalingsfrist 31.08.

**2.semster** vil vare 01.10 til 31.03. Oppteljing av medlemmer pr 31.01. Rapporteringsfrist 10.02, og betalingsfrist 28.02.

***Det er inga auke av betalingane, men ei forskyving i tid for 25% av kontingent! Nytt finansielt Y's men år går frå 1.april eitt år til 31.mars neste år. MERK TIDSRISTANE!!***

**Før 2009 - 2010 blir det finansielle Y's Men's året eit kort år (9 mnd):**

***1. semester blir 01.07 2009 til 31.12.2009. Rapportering og betaling som det har vore gjort.***

***2. semester blir 01.01.- 31.03.2010.***

**Rapportering til IHQ frå Regionen av medlemstal er 10.02.2010. og betalingsfrist til IHQ frå Regionen er 28.02.2010. Dette vil få konsekvensar for rapportering for klubbane til RSD/Data og for betaling av kontingent frå klubbane til RSD /T.**

***Til styremøtet 06.12.09 blir det foreslått desse fristane for våren 2010:***

***Rapportering av medlemstal pr 01.01.2010: 15.01.2010.***

***Betaling av kontingent til RSD/T: 20.02.10. ( 25% av årskontingent)***

Alle klubbar vi få beskjed om vedtaket i regionsstyret seinast 10.12.2009

Klubbane bør alt no planlegge som om tidsfristane blir som foreslått!!

## **Tiltaksplan frå Hovudkvarteret i Geneva** (sjå også innlegg i Y'smagasinet nr 4)

Dette er ein plan som går frå 2008-2011. Den har 6 hovudkapittel:

1. Forholdet til KFUK/KFUM
2. Medlemsvekst
3. Y's utvikling på nye stader og i nye land
4. Leiartrening og organisasjonsutvikling
5. Ungdomsinvolvering
6. Teneste i kyrkjelydar

Planen er lagt ved ( "Forward Plan..." ), og det er med dette utfordra til å ta del i implementeringa.

## **KASSERAR OG KONTOFULLMAKT.**

Dette tema var vi innoom også i Regionsbuletin nr 1. RSD/FN vi kome med eit oppsett som viser alle sider ved innmelding i Frivillighetsregisteret og i Grasrotandelen. **Styret skal behandle saka på nytt 6. desember**, og vil då sende ut eit eige skriv i saka.

Til slutt ynskjer eg alle Y's Men ei velsigna adventstid og God Jul.

**Ulsteinvik 22. november 2009**

**Svein Rødset**

**RD**

*LA OSS VANDRE I LYSET SLIK HAN ER LYS*